

## Interpellasjon - Trafikktryggleik

Syner til Ope dialogmøte VFK om trafikktryggleik tirsdag 28. mars 2023. Trafikken langs Fv49 har auka jamt i alle år. I Samnanger har vegen fleire farlege punkt der skuleborn (og vaksne) dagleg må kryssa vegen. Her nemnas Hidalsflaten, Ådland (ved kyrkja), Reistad, Bjørkheim og Lauvskar. Ved Reistad og Bjørkheim er det idag fotgjengarovergangar.

I nemnde dialogmøte vart det tydeleg at VFK har planar for Samnanger, men ingen konkrete i høve kryssing av vegen for fotgjengarar. Me vil her spesielt nemna Ådland -Lauvskar og Hisdal fordi:

1. Ådland: Det bur skuleborn på begge sider av vegen og som dagleg må kryssa vegen til/frå skulen. Dette gjeld også foreldre med barn som skal i barnehagen med «normal, full oppakning». Her må også nemnas kyrkja der innbyggjarar som til dømes skal i gravferd eller gudsteneste må kryssa vegen. Dagsturhytta ved Kvernesvatnet generer også kryssing av vegen av fotgjengarar.
2. Hisdal: Det bur skuleborn på begge sider av vegen som dagleg må kryssa vegen til/frå skulen. Her er det fartsgrense 80 på heile strekninga. I tillegg er det 2 (minst) farlege kryss: Holdhus og avkjøyrse ved gjenbruksstasjonen. Tiltak her bør være redusert fartsgrense frå Grasdalen til Raunekleiva, avkjøyringsfelt kryss Holdhus og Raunekleiva. I tillegg 2 fotgjengarovergangar i Hisdal.
3. Lauvskar: Det bur skuleborn på begge sider av vegen og som dagleg må kryssa vegen til/frå skulen. Krysset FV49/Bjelkarvikvegen er uoversikteleg og ofte er det direkte farleg å kryssa vegen til fots. Tiltak her bør være at dagens 50-sone vert forlenga til Haukanestunnellen og at det vert etablert ein fotgjengarovergang ved krysset FV49/Bjelkarvikvegen.

Me ber administrasjonen førebu ei sak til kommunestyremøtet i juni 2023, der prioritert plan for trafikk sikring vert lagt fram for diskusjon og der sikring av overgangar med trafikklys vert prioritert. Ber også om forslag til vidare framdrift mot VFK og Statens Vegvesen vert presentert.

Linda Haug Kolbotn (FrP)

Arild Røen (H)